

## **Skjema for opplysningar om angrerett**

Den næringsdrivande fyller ut og gir skjemaet til forbrukaren. Ved korrekt utfylt skjema er opplysningane i angrerettlova § 8 første ledd bokstav h, i og j, jf. andre ledd, å sjå som gitte.

Sjå opplysningar om utfylling i notane på side 2.

### **Angrerett**

Du har rett til å gå ifrå denne avtalen i løpet av 14 dagar utan å grunngi dette. Angrefristen går ut 14 dagar etter<sup>1</sup> \_\_\_\_\_

---

---

For å kunne bruke angreretten må du opplyse oss<sup>2</sup>

---

på ein eintydig måte om at du vel å gå ifrå avtalen (t.d. i eit brev sendt i posten, telefaks eller e-post).

Du kan bruke det vedlagde angreskjemaet, men det er ikkje obligatorisk<sup>3</sup>.

---

For å overhalde angrefristen er det nok at du sender meldinga om at du vil bruke angreretten før angrefristen går ut.

### **Verknadene av å bruke angreretten**

Dersom du går ifrå denne avtalen, skal vi betale tilbake alle betalingar vi har fått frå deg, medrekna leveringskostnadene (med unntak av tilleggskostnader som følgjer av at du har valt ein annan type levering enn den billegaste typen standardlevering vi tilbyr), utan unødig opphold og i alle tilfelle seinast 14 dagar etter den dagen vi fekk melding om at du ønskte å gå ifrå avtalen.

Vi gjennomfører tilbakebetalinga med same betalingsmiddel som du brukte ved den opphavlege transaksjonen, med mindre du uttrykkjeleg har avtala noko anna med oss.

I alle tilfelle vil det ikkje kome noko gebyr som følgje av tilbakebetalinga.

4 og 5

---

---

---

6

---

---

---

# Opplysningar om utfylling

## for den næringsdrivande

Notar:

- 1) Set inn det som står i hermeteikn i eitt av desse alternativa:
  - a) For ein tenesteavtale eller ein avtale om levering av vatn, gass eller elektrisitet, når dette ikkje er tilbydd for sal i eit avgrensa volum eller ei fastsett mengd, eller levering av fjernvarme eller av digitalt innhald som ikkje blir levert på eit fysisk medium, «**at avtalen vart inngått**».
  - b) For ein salsavtale, «**den dagen du eller ein annan tredjemann enn transportøren, som du har peika ut, får varene fysisk i hende**».
  - c) For ein avtale som omfattar fleire varer som er bestilte av forbrukaren i éi bestilling og leverte separat, «**den dagen du eller ein annan tredjemann enn transportøren, som du har peika ut, får den siste vara fysisk i hende**».
  - d) For ein avtale som er knytt til levering av ei vare som omfattar fleire parti eller delar, «**den dagen du eller ein annan tredjemann enn transportøren, som du har peika ut, får det siste partiet eller den siste delen fysisk i hende**».
  - e) For ein avtale om regelmessig levering av varer i eit visst tidsrom, «**den dagen du eller ein annan tredjemann enn transportøren, som du har peika ut, får den første vara fysisk i hende**».
- 2) Set inn namnet ditt, geografisk adresse og eventuelt telefonnummer, telefaksnummer og e-postadresse.
- 3) Dersom du har gitt forbrukaren høve til å fylle ut og sende opplysningar om bruk av angreretten elektronisk på nettstaden din, set inn denne teksten: «**Du kan også fylle ut og sende angreskjemaet eller ei anna eintydig erklæring på nettstaden vår, [set inn Internett-adresse her]. Dersom du vel å gjere dette, sender vi deg straks eit mottaksbevis på eit varig medium (t.d. via e-post).**»
- 4) Dersom avtalen gjeld varer:  
For salsavtalar der du ikkje har tilbydd deg å hente varene i tilfelle av bruk av angreretten, set inn denne teksten: «**Vi kan halde tilbake tilbakebetalinga til vi har fått varene tilbake, eller til du har lagt fram dokumentasjon på at varene er sende tilbake, eller til det tidlegaste av desse tidspunkta.**»
- 5) Dersom forbrukeren har fått varer i samband med avtalen:
  - a) Sett inn:
    - «**Vi vil hente varene.**» eller
    - «**Du må returnere varene eller levere dei til oss eller til ... [namn og eventuelt geografisk adresse på den personen du har gitt fullmakt til å ta imot varene], utan unødig opphold og i alle tilfelle seinast 14 dagar etter den dagen du sende oss melding om at du ønskte å gå ifrå avtalen. Du har overhalde fristen dersom du sender tilbake varene før fristen på 14 dagar har gått ut.**
  - b) Sett inn:
    - «**Vi vil ta kostnadene ved å returnere varene.**»,
    - «**Du må ta dei direkte kostnadene ved å returnere varene.**»,
    - Dersom du i ein fjernsalsavtale ikkje tilbøyr å ta kostnadene ved retur av varene, og varene har eigenskapar som gjer at dei normalt ikkje kan returneras med post, set inn: «**Du må ta dei direkte kostnadene ved å returnere varene, ... kr [set inn beløp].**», eller dersom det ikkje er rimeleg å kunne rekne kostnadene ved retur av varene på førehand: «**Du må ta dei direkte kostnadene ved å returnere varene. Kostnadene er rekna til høgst ca. ... kr [set inn beløp].**», eller
    - Ved avtaler som er inngåtte utanom faste forretningslokale, der varene er leverte heim til forbrukaren på tidspunktet då avtalen vart inngått, dei har eigenskapar som gjer at dei normalt ikkje kan returneras med post, set inn: «**Vi vil hente varene for eiga rekning.**» og
  - c) «**Du er ansvarleg berre for ein eventuell reduksjon i vareverdien som kjem av ei anna handtering av varene enn den som er nødvendig for å fastslå art, eigenskapar og funksjon ved dei.**».
- 6) For ein tenesteavtale (medrekna avtale om levering av vatn, gass eller elektrisitet), når dette ikkje er tilbydd for sal i eit avgrensa volum eller ei fastsett mengd, eller levering av fjernvarme, set inn denne teksten: «**Dersom du har bede om at utføringa av tenestene (medrekna levering av vatn/gass/elektrisitet/fjernvarme) skal ta til før angrefristen går ut, skal du betale oss eit beløp som står i forhold til det som er utført eller levert fram til du gav oss melding om at du ønskte å gå ifrå avtalen, samanlikna med full oppfylling av avtalen.**»